



Agnar Kjartan Erstad
Erstadvegen 56
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1898 - 17/21038

Saksbehandlar:

Trude Langedal

trude.langedal@lindas.kommune.no

Dato:

13.07.2017

Kunngjering godkjent mindre endring av reguleringsplan for Stølshaugane, plan-id 1263-201302

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14, vert det kunngjort at plan- og miljøutvalet i møte den 31.05.2017, sak 075/17, godkjente mindre endring av reguleringsplan Stølshaugane, plan-id 1263-201302.

Bakgrunn for endringa er at avkøyrsla til Kvamsvågen som er regulert i reguleringsplan for Friluftsområde-Kvamsvågen med planID 1263-25082004, ved ein feil ikkje er teke med i reguleringsplan for Stølshaugane. Reguleringsplan for Stølshaugane vart vedteken 12.05.2016 og er gjeldande plan for arealet der reguleringsplanane Stølshaugane og Kvamsvågen overlappar. Eigedomsavdelinga i Lindås kommune skal opparbeide avkøysla i løpet av sommaren/ hausten 2017, og det er naudsynt å få regulert avkøysla i gjeldande plan(Stølshaugane)slik at tiltaket kan gjennomførast.

Kommunen har vore i dialog med Statens vegvesen om utforming av avkøyrsla. Avkøyrsla er utforma etter Statens vegvesen si handbok for veg- og gateutforming N100, dette er ei utbetring av avkøyrsla i forhold til regulert løysing i Kvamsvågen-planen.

Tiltakshavar har funne nokre mindre feil i reguleringsplanen for Stølshaugane etter at denne vart vedteken. Det er motstrid i forhold til kva som er eine- og tomansbustadtomter (mellom planskildring og føresegn/plankart). Dette vert retta opp i samband med mindre endring av planen. Endringane medfører ikkje fleire bustader i bustadfeltet.

I føresegn § 3.1.5 skal det stå B8 i staden for B5:

3.1.5 Følgjande einebustadtomter kan ha ein (1) sekundær bueining under 65 m² BRA for utleige;

- **BE8**
- BE10
- BE11

I tabellen på s. 20 i planskildringa er BE 10 oppgitt som tomt for 2 mannsbustader, det skal oppførast einebustad på denne tomte slik det går fram av føresegnene.

Presisering av føresegn 3.1.8(markert med raud skrift):

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



3.1.8 Det kan førast opp tomannsbustader på BE1, BE5, BE6 og BE9. Tomannsbustader Kan oppførast i to etasjar med loft. **Ovannemnde bustadtomter som vert bygd ut med einebustad i staden for tomannsbustad kan ha ein (1) sekundær bueining under 65 m2 BRA for utleige.**

I samband med høyringsuttalelse frå statens vegvesen vert det foreslått å gjere følgjande endringer i føresegnene(endringane er vist med raud tekst):

§ 2.1.8 Før arbeid på og nær fylkesveg 404 kan gjennomførast skal **tekniske teikningar for avkøyrsla godkjennast** og det skal underskrivast ein gjennomføringsavtale med Statens vegvesen med grunnlag i byggeplan for tiltaket.

4.1.1 Veg o_KV01, o_KV02 , o_KV05 og **o_KV06** er offentleg køyreveg.

4.1.2 **o_KV06** er tilkomst til VEG 6, parkeringsplassane P 4 og P5 og gangveg GVEG6 som ligg inne i **reguleringsplan for friluftsområde Kvamsvågen med planID 1263-25082004.**

Reguleringsplanen ligg til gjennomsyn frå **13.07.2017** til **14.08.2017** i ekspedisjonen på Lindås rådhus. Planen vil også verte å finne i kommunen sitt planregister, braPLAN, www.geoweb.no/braplan. I braPLAN, søk på plan-id **1263-201302**, dokumenter.

OM KLAGE OG VERKNAD AV PLAN

Vedtaket om godkjenning kan påklagast av den som er part eller har rettsleg klageinteresse, jf plan- og bygningslova § 12-12, 3. ledd. Klagefristen er etter forvaltningslova § 29, 3 veker frå denne kunngjeringa. Eventuell klage bør grunngjevast og skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland og sendast til:

*Lindås kommune, plan- og miljøutvalet, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ, eller til postmottak@lindas.kommune.no innan **14.08.2017**.*

Reguleringsplanen fastset framtidig bruk i området, og er bindande for nye tiltak og utviding av eksisterande tiltak, jamfør plan- og bygningslova § 12-4. Det vert også vist til plan- og bygningslova § 15-2 og § 15-3, krav om innløyning og erstatning for tap ved reguleringsplan. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Trude Langedal
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Føresegner Stølshaugane_revidert 19062017

Mindre reguleringsendring for Stølshaugane, PlanID 1263-201302 (L)(272043)

Plankart Stølshaugane

Vedlegg:

Planskildring

Mottakarakar:

Agnar Kjartan Erstad	Erstadvegen 56	5911	ALVERSUND
Ann Margrethe Blomberg	Skarsvegen 115	5911	ALVERSUND
Arcoconsult AS	Postb 103	5291	VALESTRANDSFOSSEN
Asgeir Kvamme	Skarsvegen 185	5911	ALVERSUND
Astrid Malt	Erstadvegen 73	5911	ALVERSUND
Bjarne Gunnar Kvamme	Skarsvegen 191	5911	ALVERSUND
Bkk Nett AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
Britt Ulriksen	Kyrkjevegen 65	5911	ALVERSUND
Even-Andreas Olstad Elvik	Kyrkjevegen 65	5911	ALVERSUND
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Ingunn Runde	Kvamsvegen 18	5911	ALVERSUND
Kjartan Toft	Kvamsvegen 18	5911	ALVERSUND
Kolbjørn Tveit	Gangstøvegen 21	5911	ALVERSUND
Linda Birkeland	Sethaugen 8	5911	ALVERSUND
Lindås kommune	Felles postmottak Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Mette Marei Træland	Kyrkjevegen 65	5911	ALVERSUND
Monica Vabø	Sethaugen 5	5911	ALVERSUND
Morten Titland Blomberg	Skarsvegen 115	5911	ALVERSUND
Nils Ove Eknes	Sethaugen 5	5911	ALVERSUND
Odd Kjartan Didriksen	Slettevikvegen 37	5124	MORVIK
Opplysningsvesenets Fond	Postboks 535 Sentrum	0105	OSLO
Randi Viken	Nordre Langarinden 49	5131	NYBORG
Rune Moberg	Nedre Ulsetsbogen 60	5119	ULSET
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Svein Kvamme	Erstadvegen 1	5911	ALVERSUND
Tomas Sandvik	Kyrkjevegen 65	5911	ALVERSUND
Trine Jørgenvik	Flaktveitbotn 70	5135	FLAKTVEIT